

Pressemelding, 22.april 2013

Auka søking til høgare utdanning

Samordna opptak har per april 2013 registrert omkring 117 200 søkjarar til høgare grunnutdanning. Det er omlag 1400 fleire søkjarar enn i 2012, ein auke på 1,2 %.

- Vi ser at det fortsatt er stor interesse for høgare utdanning, og at dei rekordhøge tala frå i fjor held seg, seier Bente Ringlund Bunæs, dagleg leiar i Samordna opptak.

Utdanningsområde og -typar

Av utdanningsområde og utdanningstypar med omkring 1000 studieplassar eller meir, er auken størst for 5-årig integrert lærarutdanning (+15 %) og pedagogiske fag (+10 %), medan det er størst nedgang for barnehagelærarutdanninga (-18 %).

Innanfor utdanningsområdet lærar har utdanningstypane grunnskulelærarutdanning 5-10. trinn ein auke på 6 %, medan grunnskulelærarutdanning 1-7. trinn har ein nedgang på 5 %.

Søkinga til økonomisk- administrative fag, 3-årig ingeniørutdanning og sivilingeniørutdanning har alle auka med 7 - 8 %, medan søkinga til sjukepleiarutdanning har auka med 6 %.

Meir informasjon

Fleire søkjartal og tal frå tidlegare års opptak finst på Samordna opptaks statistiksider: www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall

Vidare plan for offentleggjering av søkjartal finst i Samordna opptaks informasjonsplan: www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/informasjonsplan/index.html

Kontakt

Lærestadene: www.samordnaopptak.no/info/kontakt/Kontakt-lerestedene/index.html

Samordna opptak: Tlf. 22 84 18 25/ 22 84 18 04 eller postmottak@samordnaopptak.no